



## **REFERAT FRÅ DRIFTSSTYREMØTE KLEPPE SKULE TYSDAG 11.06.19 KL. 18.00-20.00**

### **Tilstade:**

Marcus Bore, Dag Folkvord, Gro Jeanett B David, Aghdas Paya, Mette Erga Brunes, Kjersti Olimb Salte, Torill Bøylestad og Sylvia Gjersdal

### **Sak 26 /18-19 Godkjenning av referatet frå 10.04.19**

Referatet vart godkjent

### **Sak 27/18-19 Utviklingsplanen for Kleppe skule 18-20**

Rektor legg fram oppsummering frå evaluering for 18-19 og konsekvensar for vidare arbeid med pedagogisk utviklingsarbeid. Utviklingsplanen er vedteken for to år, for neste år vil det vere ei justering. Viser og til møte i Skulemiljøutvalet 10.04.19.

Vedlegg: Utviklingsplanen 2018-2020

Orientering om evalueringa som har vore, analysebakgrunn og prioriteringar.

Digital læring er hovedområder som ikkje blir med vidare, her er måla nådd. Ny læreplan, sosial kompetanse/inkludering og språk og lesing er hovedområde framover. Tidleg innsats kjem til å vere gjennomgåande gjennom heile utviklingsarbeidet. Tidleg innsats er og ei kommunal satsing.

### **Sak 28/18-19 Status økonomi**

Orientering om økonomien pr mai 2019.

Vi har eit meirforbruk på ca 2,4 % pr. Mai 2019. Det er i underkant av 1 million. Det er inntekter på veg innb, både refusjonar frå NAV og innbetaling av eigenandel personaltur(som står mellombels på ein annan konto). I tillegg vert lønnsutgiftene for dei neste månadane litt lågare. Grunnen til meirforbruket skyldes at det er meir lønnsutgifter pga auka behov for miljørarbeidarar. SFO står for ca 200.000,- av meirforbruket. Det er venta at tala vil retta seg noko, men at vi ved årsskiftet kjem ut med eit lite meirforbruk (omlag 1-1,5%)

### **Sak 29/18-19 Utleige 19/20**

Forslag til innstilling: alle som har søkt får lån. Dersom det ikkje er tid/kapasitet blir barn og unge i krinsen prioritert.

Innstillingen vart vedteken.

Orientering om open hall i Kleppe krins. Ordninga som har vore dette skuleåret der Axis lånar gымsalen og administrerer tilbodet held fram.

Drøfta kva vi vil gjere når vi får aula og kantine. Skal vi leie ut? Vi kan tene gode penger på dette. Dette må vere ei sak for hovudutvalet, bør vere like satsar i heile kommunen.



## **Sak 30/18-19 Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutvalet**

Elevrådsstyret: Årsrapporten er klar. Det har vore mykje aktivitet i elevrådsstyret. Kakesalg, filmar knytt til sosialt årshjul og arbeid mot mobbing. Dei har nyleg hatt val, og nytt elevrådsstyre er klar for neste år.

FAU: Leseglede, eige arbeidsutvalg er sett ned. Partnerskap mot mobbing, her er det og sett ned eigen komité. Det har vore arbeidd med mange tema gjennom året, eigen årsmelding kjem før årsmøte.

Ein stor ting dette året har vore å arbeide for å betre 17.maiarrangementet på Kleppe, det er gjort grep for å videreutvikle dette. Ein eigen komité har vore i arbeid.

Skulen/SFO: Arbeid med neste steg på uteområdet har starta opp. Det blir hinderløype ved sida av ballbingen. Utbygginga med aula og kantine er planlagt å starte opp i november.

Hovudutvalet: Sak om økonomi og utfordringar knytt til SFO kjem opp som sak på neste hovuddutvalsmøte.

Ny kommunalsjef etter Trond Roy Pedersen vil bli tilsett hausten 2019.

Vi takka av medlemmane som ikkje blir med i Driftsstyret vidare, takk for god innsats!

11.06.19

Sylvia Gjersdal  
Referent